



DET KONGELEGE BARNE-, LIKESTILLINGS-  
OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

# Prop. 8 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2013 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

*Tilråding frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 22. november 2013,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD) fram endringsforslag på statsbudsjettet for 2013 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 800 Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

##### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje lønn til stillingar og andre driftsutgifter i departementet.

BLD føreslår å flytte 500 000 kroner for å dekkje meirbehovet på kap. 823, post 01, jf. omtale under denne posten.

BLD føreslår å redusere kap. 800, post 01 med 0,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	158 540
Løyving 2013	158 708
Forslag til tilleggsøyving	-500

#### Kap. 820 Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

##### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift i IMDi.

BLD føreslår å flytte 200 000 kroner for å dekkje meirbehovet på kap. 823, post 01, jf. omtale under denne posten.

BLD føreslår å redusere kap. 820, post 01 med 0,2 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	196 345
Løyving 2013	181 049
Forslag til tilleggsøyving	-200

#### Kap. 821, post 60 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar

##### Post 60 Integreringstilskot, kan overførast

Integreringstilskotet skal gi ei rimeleg dekking av dei gjennomsnittlege meirutgiftene kommunane har ved busetjing og integrering av flyktningar i busetjingsåret og dei neste fire åra. Tilskotet skal medverke til at kommunane gjennomfører eit planmessig og aktivt busetjings- og integreringsarbeid.

Det er anslått at behovet i 2013 går ned med 23,8 mill. kroner samanlikna med Prop. 149 S (2012–2013). Hovudårsaka til endringa er ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot for år 1 for 2012, ein reduksjon i talet på personar som utløyser tilskot for år 2-5 og ein reduksjon i talet på barn som utløyser skoletilskot.

BLD føreslår å redusere kap. 821, post 60 med 23,8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	4 571 799
Løyving 2013	5 024 400
Forslag til tilleggsøyving	-23 839

*Post 61 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, overslagsøyving*

Kommunar som busett einslege, mindreårige flyktningar får utbetalt eit særskilt tilskot. Tilskotet kjem i tillegg til det ordinære integrerings-tilskotet.

Behovet i 2013 blir anslått å gå ned med 17,5 mill. kroner samanlikna med Prop. 149 S (2012–2013). Årsaka til endringa er ein reduksjon i talet på einslege mindreårige som utløyser tilskot.

BLD føreslår å redusere kap. 821, post 61 med 17,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	344 014
Løyving 2013	358 152
Forslag til tilleggsøyving	-17 483

**Kap. 3821 Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak**

*Post 01 Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter knytte til busetjing av overføringsflyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Behovet på posten blir anslått å gå ned med 3,7 mill. kroner frå Prop. 149 S (2012–2013). Årsaka til endringa er ein reduksjon i talet på overføringsflyktningar som blir busett i 2013 med 50 personar.

BLD føreslår å redusere kap. 3821, post 01 med 3,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	102 928
Løyving 2013	89 860
Forslag til tilleggsøyving	-3 695

*Post 02 Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter*

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Behovet på posten blir anslått å gå ned med 650 000 kroner frå Prop. 149 S (2012–2013). Årsaka til endringa er ein reduksjon i talet einslege mindreårige som blir busett i 2013 med ti personar.

BLD føreslår å redusere kap. 3821, post 02 med 0,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	29 342
Løyving 2013	31 551
Forslag til tilleggsøyving	-650

**Kap. 822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak**

*Post 60 Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarak*

Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap skal sikre at kommunane tilbyr opplæring til vaksne innvandrarak med rett og plikt eller rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap.

Behovet i 2013 blir anslått å auke med 20,4 mill. kroner samanlikna med Prop. 149 S (2012–2013). Hovudårsaka til endringa er ein auke i utgiftene til norskopplæring i mottak som følgje av ein auke i talet på asylsøkkjarar. I tillegg er det ein auke i talet på personar som får opphaldsløyve, noko som gir auke i talet på personar som utløyser tilskot for år 1.

BLD føreslår å auke kap. 822, post 60 med 20,4 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	1 628 848
Løyving 2013	1 733 179
Forslag til tilleggsøyving	20 375

### Kap. 3822 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak

(i 1000 kr)

#### Post 01 Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter

Nokre utgifter knytte til mottak av asylsøkkjarar og flyktningar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

Behovet på posten blir anslått å auke med 11,9 mill. kroner frå Prop. 149 S (2012–2013). Årsaka til endringa er ein auke i talet på asylsøkkjarar.

BLD føreslår å auke kap. 3822, post 01 med 11,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	97 132
Løyving 2013	125 592
Forslag til tilleggsloyving	11 882

### Kap. 823 Kontaktutvalet mellom innvandrarakbefolkninga og myndigheitene

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekkje utgifter til drift av Kontaktutvalet mellom innvandrarakbefolkninga og myndigheitene.

Det er eit meirbehov på 700 000 kroner på posten. BLD føreslår å dekkje meirbehovet ved å flytte 500 000 kroner frå kap. 800, post 01 og 200 000 kroner frå kap. 820, post 01.

BLD foreslår å auke kap. 823, post 01 med 0,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	6 647
Løyving 2013	6 691
Forslag til tilleggsloyving	700

### Kap. 840 Krisetiltak

#### Post 61 Tilskot til incest- og valdtektssenter, overslagsloyving

Utgiftene til tilskot til incest- og valdtektssenter i 2013 er anslått til 76,6 mill. kroner, som er 4,4 mill. kroner meir enn løyvinga. Meirbehovet skuldast auka aktivitet ved incest- og valdtektssentra samanlikna med det som blei lagt til grunn ved fasetting av løyvinga for 2013.

BLD føreslår å auke kap. 840, post 61 med 4,4 mill. kroner.

Rekneskap 2012	69 585
Løyving 2013	72 240
Forslag til tilleggsloyving	4 400

### Kap. 841 Samliv og konfliktløyving

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, overslagsloyving

Prognosen for bruk av eksterne meklarar og utbetaling av meklingsgodtgjersle er 1,7 mill. kroner lågare enn løyvinga.

BLD føreslår å redusere kap. 841, post 21 med 1,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	11 297
Løyving 2013	12 332
Forslag til tilleggsloyving	-1 700

### Kap. 844 Kontantstøtte

#### Post 70 Tilskot, overslagsloyving

Utgiftene til kontantstøtte i 2013 er anslått til 1 230 mill. kroner, som er 30 mill. kroner høgare enn løyvinga i Prop. 149 S (2012–2013).

Meirbehovet kjem av at ein forventar fleire barn med kontantstøtte gjennomsnittleg kvar månad enn tidlegare føresett. Auken har vore særleg stor frå mai månad, og særleg for den eldste aldersgruppa, barn 19-23 månader.

BLD føreslår å auke kap. 844, post 70 med 30 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	1 264 615
Løyving 2013	1 200 000
Forslag til tilleggsloyving	30 000

### Kap. 845 Barnetrygd

#### Post 70 Tilskot, overslagsloyving

Utgiftene til barnetrygd i 2013 er anslått til 15 130 mill. kroner, som er 90 mill. kroner høgare enn løyvinga i Prop. 149 S (2012–2013).

Anslåtte meirutgifter kjem av auka anslag på utbetalningar av ordinær barnetrygd inkludert

utvida stønad til einslege forsørgjarar, som følgje av etterbetalingar (restansenedbygging) og omlegging av rekneskapsrutinar i Arbeids- og velferdsetaten.

BLD føreslår å auke kap. 845, post 70 med 90 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	15 059 116
Løyving 2013	15 040 000
Forslag til tilleggsøyving	90 000

### Kap. 846 Forskings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 50*

BLD føreslår å sette ned løyvinga på posten med 277 000 kroner mot ein tilsvarande auke av kap. 846, post 70.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	23 230
Løyving 2013	31 618
Forslag til tilleggsøyving	-277

#### *Post 70 Tilskot*

Det er eit meirbehov på 277 000 kroner på posten knytt til tilskot i samband med Stemmerettsjubileet 2013. BLD føreslår å auke løyvinga for kap. 846, post 70 mot tilsvarande reduksjon under post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	17 209
Løyving 2013	20 980
Forslag til tilleggsøyving	277

### Kap. 852 Adopsjonsstønad

*Post 70 Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, overslagsløyving*

Nye prognosar viser at det vil komme om lag 180 adoptivbarn frå andre land til Noreg i 2013. Dette er ein lågare prognose enn i saldert budsjett 2013.

BLD føreslår å redusere kap. 852, post 70 med 7,7 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	11 494
Løyving 2013	15 865
Forslag til tilleggsøyving	-7 700

### Kap. 854 Tiltak i barne- og ungdomsvernet

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71*

Posten skal dekkje utgifter til ulike førebyggjande tiltak og kjøp av tenester innanfor utvikling og implementering av nye metodar i barnevernet. Det er eit meirbehov på 1,9 mill. kroner på posten som blir føreslått dekkja inn ved å flytte 1,9 mill. kroner frå kap. 854, post 50.

BLD føreslår å auke kap. 854, post 21 med 1,9 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	62 802
Løyving 2013	69 956
Forslag til tilleggsøyving	1 900

#### *Post 50 Forsking og utvikling*

Posten blir mellom anna nytta til forskning på barne- og ungdomsfeltet.

Buudir er tildelt 3 mill. kroner til mentorordninga *Nattergalen* på posten. Basert på tidlegare erfaringar går 10 prosent av løyvinga til mentorordninga til å dekkje driftsutgifter og prosjektleiing knytt til gjennomføringa av prosjektet. Det blir føreslått å flytte 0,3 mill. kroner til kap. 858, post 01 for å gjere postbruken korrekt.

Det er vidare eit mindrebehov på 1,9 mill. kroner på posten som følgje av nedjustering av tiltak. Desse blir føreslått flytta til kap. 854, post 21.

BLD føreslår å redusere kap. 854, post 50 med 2,2 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	5 155
Løyving 2013	24 948
Forslag til tilleggsøyving	-2 200

*Post 61 Utvikling i kommunane*

Posten dekkjer tilskot til prosjekt og program i regi av kommunar og fylkeskommunar. Det er eit mindrebehov på posten på 0,5 mill. kroner. Beløpet blir føreslått flytta til kap. 854, post 71.

BLD føreslår å redusere kap. 854, post 61 med 0,5 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	0
Løyving 2013	26 446
Forslag til tilleggsøyving	-500

*Post 65 Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktningar, overslagsøyving*

Løyvinga på posten skal dekkje refusjon av kommunale utgifter til barnevernstiltak for einslege, mindreårige asylsøklarar og flyktningar som blir busette i kommunane.

Utgiftsnivået på posten avheng av kor mange barn som blir busette, kor stor del av alle einslege, mindreårige som treng tiltak i barnevernet, og kor store utgiftane for kvart tiltak er.

Grunna ei auke i talet på busette einslege mindreårige flyktningar er behovet på posten høgare enn tidlegare føreset.

BLD føreslår å auke kap. 854, post 65 med 55 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	1 070 052
Løyving 2013	1 177 000
Forslag til tilleggsøyving	55 000

*Post 71 Utvikling og opplysningsarbeid mv., kan nyttast under post 21*

Løyvinga på posten går hovudsakleg til to tilskotsordningar: *Tilskudd til organisasjonar i barne- og ungdomsvernet* og *Tilskudd til utviklings- og samhandlingsprosjekt i barne- og ungdomsvernet*. Det er eit meirbehov på 500 000 kroner på posten som blir føreslått dekkja inn ved å flytte 500 000 kroner frå kap. 854, post 61 til kap. 854, post 71.

BLD føreslår å auke kap. 854, post 71 med 0,5 mill. kroner.

(i 1000 kr)

Rekneskap 2012	24 821
Løyving 2013	31 555
Forslag til tilleggsøyving	500

**Kap. 855 Statleg forvaltning av barnevernet***Post 22 Kjøp av private barnevernstenester, kan nyttast under post 01*

Det statlege barnevernet fekk i Prop. 149 S (2012–2013) ei tilleggsøyving på 174 mill. kroner for å kompensere for aktivitetsvekst i 2012 og 2013.

Det er eit større behov for kjøp av private institusjons- og fosterheimplassar enn det som blei lagt til grunn i Prop. 149 S (2012–2013). Auka kjøp av private barneverntenester skuldast mellom anna ein større nedgang i bruken av statlege institusjonsplassar enn tidlegare lagt til grunn, og utfordringar med å rekruttere tilstrekkeleg med kommunale fosterheimar. BLD føreslår å flytte 25 mill. kroner frå kap. 856, post 01 til posten.

BLD føreslår å auke kap. 855, post 22 med 25 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	1 712 669
Løyving 2013	1 666 047
Forslag til tilleggsøyving	25 000

**Kap. 856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar***Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til drift av omsorgssentera for einslege, mindreårige asylsøklarar og eventuelt kjøp av plassar i private tiltak, og til arbeidet med busetjing av einslege, mindreårige flyktningar under 15 år med vedtak om opphald.

Bufetat har klart å tilpasse kapasiteten i omsorgssentera i tråd med reduksjonen i talet på barn. Etaten har dermed redusert utgiftene til drift av sentera. BLD føreslår å flytte 25 mill. kroner til kap. 855, post 22 frå posten.

BLD føreslår å redusere kap. 856, post 01 med 25 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	256 516
Løyving 2013	199 591
Forslag til tilleggsøyving	-25 000

### Kap. 3856 Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar

#### Post 04 Refusjon av ODA-godkjende utgifter

Nokre innanlandske utgifter til mottak av asylsøkjjarar og flyktingar kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA-godkjende utgifter).

I følgje dei seinaste prognosane vil det i gjennomsnitt vere 60 barn i omsorgssentera i 2013. Dette er ti færre enn føresett i saldert budsjett 2013. BLD føreslår derfor å redusere kap. 3856, post 04 med 15 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	101 010
Løyving 2013	104 874
Forslag til tilleggsøyving	-15 000

### Kap. 857 Barne- og ungdomstiltak

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 71

Midlane på posten blir mellom anna nytta til konferansar, informasjonsmateriale, utgreiingar, forskning, statistikk og andre tiltak som inngår i arbeidet med å betre oppvekstmiljøet for barn og ungdom. Nokre av tiltaka på posten har eit mindreforbruk som samla utgjer 0,8 mill. kroner i 2013. Midla blir føreslått flytta til kap. 857, post 79.

BLD føreslår å redusere kap. 857, post 21 med 0,8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	7 427
Løyving 2013	7 556
Forslag til tilleggsøyving	-800

#### Post 79 Tilskot til internasjonalt ungdomsarbeid mv., kan overførast

Hovuddelen av posten blir nytta til Noreg sitt bidrag til deltaking i EU-programmet *Aktiv Ung-*

*dom*, og til delar av kostnadene som er knytt til deltaking i EU-programma *Sikrare Internett* og *DAPHNE III*, som alle varer fram til 31. desember 2013. Grunna kursendring er kontingentforpliktingane høgare enn først lagt til grunn.

BLD føreslår å auke kap. 857, post 79 med 3,4 mill. kroner for å dekke auka utgifter knytt til deltaking i desse EU-programma.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	34 793
Løyving 2013	34 499
Forslag til tilleggsøyving	3 390

### Kap. 858 Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

#### Post 01 Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 855 post 01

BLD føreslår at midlar til administrasjon av *Nattergalen*, tilsvarande 0,3 mill. kroner, blir flytta til kap. 858, post 01, jf. omtale under kap. 854, post 50.

BLD føreslår at kap. 858, post 01 blir auka med 0,3 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	226 726
Løyving 2013	226 306
Forslag til tilleggsøyving	300

#### Post 22 Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskasser

Posten dekkjer utbetaling til pensjonskassar der tilsette i Bufetat var medlemmar før staten tok over det fylkeskommunale barne- og familievernet i 2004.

Tildelinga dekkjer utgifter til ordinær reguleringspremie og eingangspremiar for tidlegpensjon. I tillegg skal det reknast arbeidsgjevaravgift av premiebeløpa. Reguleringspremiene er i hovudsak basert på utvikling i grunnbeløpet i folketrygda, og blir kravd inn i etterkant av lønns- og trygdeoppgjeret. Utgiftene på posten blir anslått til 53,1 mill. kroner i 2013.

BLD føreslår å auke kap. 858, post 22 med 21 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	50 329
Løyving 2013	32 059
Forslag til tilleggsloyving	21 000

### Kap. 865 Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga på posten blir nytta til å finansiere prosjekt, utgreiingar og informasjonstiltak som har særleg relevans for forbrukarområdet. For å dekkje meirutgifter under kap. 867, post 01, føreslår departementet å redusere løyvinga på posten.

BLD føreslår å redusere kap. 865, post 21 med 1,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 867, post 01.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	9 389
Løyving 2013	6 571
Forslag til tilleggsloyving	-1 200

### Kap. 867 Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet

#### Post 01 Driftsutgifter

Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet har i 2013 eit meirbehov på 1,2 mill. kroner som følgje av flytting til nye lokale og auka driftskostnader. Departementet føreslår å dekkje dette meirbehovet gjennom å redusere løyvinga på kap. 865, post 21 med 1,2 mill. kroner.

BLD føreslår å auke kap. 867, post 01 med 1,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 865, post 21.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	7 939
Løyving 2013	8 265
Forslag til tilleggsloyving	1 200

### Kap. 2530 Foreldrepengar

#### Post 70 Foreldrepengar ved fødsel, overslagsloyving

Utgiftene til foreldrepengar ved fødsel i 2013 er anslått til 16 430 mill. kroner, som er 455 mill. kro-

ner lågare enn løyvinga. Mindrebehovet kjem hovudsakeleg av eit lågare anslag på talet på barn i aktuell alder, enn det som blei lagt til grunn ved fastsetting av løyvinga.

BLD føreslår å redusere kap. 2530, post 70 med 455 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	15 580 788
Løyving 2013	16 885 000
Forslag til tilleggsloyving	-455 000

#### Post 71 Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, overslagsloyving

Utgiftene til eingongsstønad i 2013 er anslått å bli 350 mill. kroner, som er 8 mill. kroner lågare enn løyvinga. Dette skuldast lågare anslag på talet på fødslar i 2013.

BLD føreslår å redusere kap. 2530, post 71 med 8 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	352 311
Løyving 2013	358 000
Forslag til tilleggsloyving	-8 000

#### Post 72 Feriepengar av foreldrepengar, overslagsloyving

Utgiftene til feriepengar av foreldrepengar i 2013 er rekna ut til å bli 430 mill. kroner, som er 15 mill. kroner meir enn løyvinga.

BLD føreslår å auke løyvinga under kap. 2530, post 72 med 15 mill. kroner.

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	408 874
Løyving 2013	415 000
Forslag til tilleggsloyving	15 000

#### Post 73 Foreldrepengar ved adopsjon, overslagsloyving

Utgiftene til foreldrepengar ved adopsjon i 2013 er rekna ut til å bli 70 mill. kroner, som er 15 mill. kroner mindre enn løyvinga i saldert budsjett.

Den årlege nedgangen i talet på familiar med foreldrepengar ved adopsjon held fram i 2013. Nytt utgiftsanslag byggjer på ein reduksjon i familjetalet på 25 prosent frå 2012 til 2013.

BLD foreslår å redusere løyvinga under kap. 2530, post 73 med 15 mill. kroner.

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

	(i 1000 kr)
Rekneskap 2012	88 510
Løyving 2013	85 000
Forslag til tilleggsløyving	-15 000

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2013 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2013 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2013 under Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet

## I

I statsbudsjettet 2013 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
800		Barne-, likestillings og inkluderingsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 158 708 000 til kr 158 208 000	500 000
820		Integrerings- og mangfaldsdirektoratet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 181 049 000 til kr 180 849 000	200 000
821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarak	
	60	Integreringstilskot, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... fra kr 5 024 400 000 til kr 5 000 561 000	23 839 000
	61	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 358 152 000 til kr 340 669 000	17 483 000
822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak	
	60	Tilskot til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak, blir auka med ..... fra kr 1 733 179 000 til kr 1 753 554 000	20 375 000
823		Kontaktutvalet mellom innvandrarak og myndigheitene	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... fra kr 6 691 000 til kr 7 391 000	700 000
840		Krisetiltak	
	61	Tilskot til incest- og valdtektssenter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... fra kr 72 240 000 til kr 76 640 000	4 400 000
841		Samliv og konfliktløyving	
	21	Spesielle driftsutgifter, meklingsgodtgjersle, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 12 332 000 til kr 10 632 000	1 700 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
844		Kontantstøtte	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... fra kr 1 200 000 000 til kr 1 230 000 000	30 000 000
845		Barnetrygd	
	70	Tilskot, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... fra kr 15 040 000 000 til kr 15 130 000 000	90 000 000
846		Forsknings- og utgreiingsverksemd, tilskot mv.	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 50</i> , blir redusert med ..... fra kr 31 618 000 til kr 31 341 000	277 000
	70	Tilskot, blir auka med ..... fra kr 20 980 000 til kr 21 257 000	277 000
852		Adopsjonsstønad	
	70	Tilskot til foreldre som adopterer barn frå utlandet, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 15 865 000 til kr 8 165 000	7 700 000
854		Tiltak i barne- og ungdomsvernet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med..... fra kr 69 956 000 til kr 71 856 000	1 900 000
	50	Forsking og utvikling, blir redusert med ..... fra kr 24 948 000 til kr 22 748 000	2 200 000
	61	Utvikling i kommunane, blir redusert med..... fra kr 26 446 000 til kr 25 946 000	500 000
	65	Refusjon av kommunale utgifter til barneverntiltak knytte til einslege, mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ... fra kr 1 177 000 000 til kr 1 232 000 000	55 000 000
	71	Utvikling og opplysningsarbeid mv., <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med ..... fra kr 31 555 000 til kr 32 055 000	500 000
855		Statleg forvaltning av barnevernet	
	22	Kjøp av private barnevernstenester, <i>kan nyttast under post 01</i> , blir auka med ..... fra kr 1 666 047 000 til kr 1 691 047 000	25 000 000
856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøkjjarar	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... fra kr 199 591 000 til kr 174 591 000	25 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
857		Barne- og ungdomstiltak	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir redusert med ..... fra kr 7 556 000 til kr 6 756 000	800 000
	79	Tilskot til internasjonalt ungdomssamarbeid mv., <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... fra kr 34 499 000 til kr 37 889 000	3 390 000
858		Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 855 post 01</i> , blir auka med..... fra kr 226 306 000 til kr 226 606 000	300 000
	22	Reguleringspremie til KLP og fylkeskommunale pensjonskassar, blir auka med ..... fra kr 32 059 000 til kr 53 059 000	21 000 000
865		Forbrukarpolitiske tiltak og internasjonalt samarbeid	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... fra kr 6 571 000 til kr 5 371 000	1 200 000
867		Sekretariatet for Forbrukartvistutvalet og Marknadsrådet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... fra kr 8 265 000 til kr 9 465 000	1 200 000
2530		Foreldrepenngar	
	70	Foreldrepenngar ved fødsel, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 16 885 000 000 til kr 16 430 000 000	455 000 000
	71	Eingongsstønad ved fødsel og adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 358 000 000 til kr 350 000 000	8 000 000
	72	Feriepenngar av foreldrepenngar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med..... fra kr 415 000 000 til kr 430 000 000	15 000 000
	73	Foreldrepenngar ved adopsjon, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... fra kr 85 000 000 til kr 70 000 000	15 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3821		Busetjing av flyktningar og tiltak for innvandrarar	
	01	Integreringstilskot for overføringsflyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	3 695 000
		fra kr 89 860 000 til kr 86 165 000	
	02	Særskilt tilskot ved busetjing av einslege, mindreårige flyktningar, ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	650 000
		fra kr 31 551 000 til kr 30 901 000	
3822		Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar	
	01	Norskopplæring i mottak, ODA-godkjende utgifter, blir auka med.....	11 882 000
		fra kr 125 592 000 til kr 137 474 000	
3856		Barnevernets omsorgssenter for einslege, mindreårige asylsøklarar	
	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter, blir redusert med .....	15 000 000
		fra kr 104 874 000 til kr 89 874 000	

---



---